



Håvard spelar for Bert

**Håvard Skaadel er kantor nord i Karmøy og gift med uskedelingen Lill Myklebust. No ferierar dei på Neset men det forhindra ikkje at han tok jobben nærmast på sparket då han vart spurt om han kunne spela under lunsjkonsernten. i føremiddag i Jondalkyrkja, den største i Hardanger med sine 600 plassar. Slike konsertar har dei kvar tysdag i juli i Jondal.**



Arjen spelar for Håvard

Håvard utløste trampeklapp etter å

ha traktert både piano og harmonium og oppdragsgjevar og soknerådsmedlem Arjen L.H. Stolk brukte ordet fantastisk då han takka for jobben.

Håvard akkompagnerte 2 hollendarar på besøk hos Arjen - ekteparet Nynke Boekema og Bert Kars frå Groningen. Dei imponerte både kantoren og tilhøyrarane med eit gripande program, men like imponert vart Håvard då han etterpå vitja arbeidsplassen til Arjen som ligg i det livskraftige Herand. .

Der restaurerar han harmonium av alle slag frå heile landet og håpar å kunne leva av det om ikkje lenge. Han er eitt nytt døme på at innflyttarane har stor fantasi og er kreative når det gjeld å skapa nye arbeidsplassar i eit nytt land.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen